



Alver kommune Plan og byggesak
Larissa Dahl
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar: 03e99bd6-58e9-47c8-
b005-0f3220bf4a81
Vår: 22/7067 - 22/78674

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
13.10.2022

Uttale til søknad om dispensasjon frå LNF for bygging av bustad - gbnr 428/107 Kvalheim nedre

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå planføremål LNF-område for oppføring av ein bustad på gbnr 428/107 Kvalheim nedre.

Planstatus. Eigedommen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Radøy er definert som LNF-føremål. Tiltaket krev dispensasjon frå planføremål og dispensasjon frå byggegrense mot fylkesveg då bustad ligg 38,5 m frå vegmidte. Område grensar til eldre reguleringsplan til Kuvågen, men er ikkje omfatta av den.

Dette er ein bustadtomt som vart frådelt i 2004 og vert difor ikkje omfatta av jordlova sine reglar om omdisponering etter § 9. Handsaming av omdisponering etter jordlova er difor ikkje naudsynt. Sjølv om det er gitt samtykke til deling etter jordlova vert ikkje opprinneleg markslag i gardskart endra før tomten eventuelt vert bygd ut.

Etter landbruksavdelinga sitt syn vil ikkje bygging av nytt bustadhus medføra problem for drift av landbruksareal rundt tomten. Tomten ligg inneklemt mellom andre tomter og fylkesveg og grensar til regulert område. Den grensar til eit lite innmarksbeite på 2,2 daa i søraust, men på både flyfoto og skråfoto ser det ut som at dette beite ikkje er i drift i dag. Potensiale for konflikt mellom landbruksdrift og bustadinteresser er liten. Beiteeigen er berre 2 daa og kan ikkje gje grunnlag for noko intensiv landbruksdrift.

Landbruksavdelinga har ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG